

## Våttkort

**Bakgrunn:** I Vossabadet må ein iht badereglane vera 12 år for å komma åleine. Me ynskjer å opna opp for at yngre born også kan få komma åleine, gitt at ein består ein test.

**Om testen:** Testen tek utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin definisjon av dugleik knytt til å vera Trygg i vatnet. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/veiledering-til-lp/svomme-og-livredningsopplaring/grunnlaget-for-svømming-og-livredning/svømmedyktighet/>

NB! Testen avdekkjer ikkje graden av symjedyktigheit, men evna til sjølvberging i vatn.

**Gjennomføring av testen:** Testen vert gjennomført i Vossabadet under oppsyn av ein badevert. For å bestå testen må ein hoppa uti den djupe delen av 25m bassenget, symja 50 meter samanhengande, dukka og henta ein ring på den djupe delen, og ta seg opp på bassengkanten.

**Påmelding:** Alle som ynskjer ta testen (bornet må fylla 10 år i inneverande år) må levera ferdig utfylt skjema, signert av føresett. For å ta testen, må ein kjøpa ordinær billett.

**Bestått testen:** Ved bestått våttkorttest får du eit kort med namn og fødselsdato. Kortet skal synast fram uoppfordra kvar gong du kjem i Vossabadet utan vaksne, det gjeld òg dersom du har årskort eller klippekort. Hugs å følge badereglane. Brudd på badereglane kan medføre inndraging av våttkortet.

\*NB! Med etterhald om kapasitet i feriar og helger

## Påmelding Våttkort

Eg ynskjer at mitt born skal få komma åleine i Vossabadet gitt at det består testen.  
Eg er innforstått med at all bading skjer på eige ansvar.

Namn born (i blokkbokstavar):.....

Fødselsdato:.....

Namn føresett (i blokkbokstavar):.....

Signatur føresett:.....

Mobilnummer føresett:.....

